

*Ark.nr.**400.34***MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN**

J. 80/82

REGULERING AV FISKE ETTER SILD INNANFOR GRUNNLINENE PÅ KYSTSTREKNINGEN LINDESNES-STAD (62° 11,2' n.br.) I 1982.

I medhald av Fiskeridepartementet sine føresegner av 22. desember 1981 § 2 om regulering av fisket etter sild i Norges økonomiske sone i Nordsjøen i 1982 har Fiskeridirektøren den 26. juli 1982 fastsett følgjande føresegner:

— § 1

Innanfor grunnlinene på kyststrekningen fra Lindesnes til Stad (62° 11,2' N) vil ein kunne fiska inntil 10.000 hl sild med snurpenot og landnot til menneskemat.

§ 2

Ingen kan ta del i fisket etter sild nemnd i § 1 utan å verta påmeldte til Noregs Sildesalslag, Bergen.

§ 3

Fiskeridirektøren kan stogga fisket når totalkvoten er pårekna oppfiska.

§ 4

Hovedsmannen for bruk som skal ta del i dette fisket må stå på blad B i fiskarmanntallet. Farty som vert nytta må vera fiskerimerka og mindre enn 90 fot største lengde. Det må nyttast høveleg bruk for dette fisket. Fiskeridirektøren kan gje dispensasjon fra kravet om største lengde på farty.

§ 5

Det er forbode å fiska, låssetja, ta opp eller føra i land sild under 20 cm. Uten hinder av første stykke kan sildefangstar ha inntil 10% i vekt av sild som er under 20 cm.

§ 6

Fiskeridirektøren kan fastsetja største lovlege fangstkvantum for deltakande farty i både bruksgruppene.

§ 7

All sild som vert fanga skal låssetjast. Noregs Sildesalslag kan dispensera fra dette påbodet. Alle fangstar skal straks meldast til Noregs Sildesalslag.

§ 8

Fiskeridirektøren kan i særlege tilfelle gje løyve til oppmaling for heile eller deler av fangstar dersom silda av kvalitetsmessige grunnar ikkje kan nyttast til menneskemat eller agn.

§ 9

Låssett kvantum større enn det bruket kan fiska kan overførast vederlagsfritt til andre utrusta bruk på feltet.

§ 10

Fiskeridirektøren kan påleggja at det vert teke prøvar av fangstane.

§ 11

Forsettlege eller aktlause brot på desse føresegnene vert straffa med bøter.

§ 12

Desse føresegnene tek til å gjelda straks.
